

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 10.02.2016
SAKSHANDSAMAR: Kristin Osland Lexow
SAKA GJELD: **Styringsdokument 2016 til helseføretaka og Helse Vest IKT AS**

ARKIVSAK: 2015/2358
STYRESAK: **029/16**

STYREMØTE: **29.02. 2016**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2016 for Helse Stavanger HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 29.02.2016.
2. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2016 for Helse Fonna HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 29.02.2016.
3. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2016 for Helse Bergen HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 29.02.2016.
4. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2016 for Helse Førde HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 29.02. 2016.
5. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2016 for Sjukehusapoteka Vest i samsvar med forslaget lagt fram for styret 29.02.2016.
6. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokument for 2016 for Helse Vest Innkjøp HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 29.02.2016.
7. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2016 for Helse Vest IKT AS i samsvar med forslaget lagt fram for styret 29.02.2016.

Oppsummering

Styringsbodskapen til føretaksgruppa og Helse Vest IKT AS blir årleg formidla gjennom eit heilskapleg styringsdokument. Styringsdokumenta inneheld overordna signal om mellom anna bruk av midlar og om prioriteringar innan dei fire hovudoppgåvene pasientbehandling, forskning, utdanning av helsepersonell og pasientopplæring. I tillegg inneheld dokumentet økonomiske og organisatoriske krav.

Fakta

Gjennom styringsdokument vil Helse Vest RHF gi helseføretaka ein mest mogleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2016. Styringsdokumenta skal klargjere dei premisser og rammer som gjeld for verksemdene, og inneheld mål og resultatkrav som blir stilte til helseføretaka.

Strukturen på årets oppdragsdokument frå Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) er endra, og Helse Vest RHF legg vekt på å følgje opp det som står om *mål og andre* oppgåver for 2016. HOD har utarbeida ein A4-plakat over dei tre overordna hovudmåla som alle styra og leiarane i sjukehusa skal arbeide etter (sjå vedlegg om styringsmål 2016). Det er likevel ikkje slik at dei samla krava til helseføretaka går fram av styringsdokumenta. Dokumenta utfyller og konkretiserer oppgåver som det skal leggjast vekt på, og som skal prioriterast. Desse oppgåvene må ein sjå i samanheng med mål, rammer og retningslinjer for helsetenesta som går fram av lover og forskrifter, Helse- og omsorgsdepartementet sitt oppdragsdokument for 2016 til Helse Vest RHF, og styringskrav frå eigaren formidla i føretaksmøtet i Helse Vest RHF, inkludert tidlegare styringskrav. Det blir lagt til grunn at helseføretaka er godt kjende med og set seg inn i desse dokumenta, samt i helse- og omsorgsministeren sin tale til sjukehusa den 12. januar 2016.

Helse Vest RHF skal innrette verksemda si med tanke på å nå Helse- og omsorgsdepartementet sine tre overordna mål for 2016:

1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga.
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling.
3. Betre kvalitet og pasientsikkerheit.

Vidare vil alle dei seks sentrale punkta frå 2015 for å skape pasientane si helseteneste også bli ført vidare i 2016. Desse er:

- Fritt behandlingsval – ventetida skal ned og kvaliteten opp.
- Opptappingsplan for rus og psykiatri – vidareføring av «den gylne regel».
- Raskare diagnose og redusert ventetid for kreftpasientar.
- Nasjonal helse- og sjukehusplan – planlegging av kapasitet og kompetanse for å møte framtidens behov

- Betre kvalitet og pasienttryggleik – auka satsing på å redusere ikkje berettiga variasjon og unødvendig venting.
- IKT og kommunikasjon – felles digitale løysingar og elektronisk tilgang til eigen helseinformasjon.

Regjeringa er òg opptatt av at det blir rekruttert fleire kvinnelege leiarar, særleg på toppleiarnivå.

I dokumenta blir ikkje bestemte organisatoriske krav og føringar frå tidlegare år gjenteke med mindre det frå ein eigarståstad framleis er nødvendig å ha eit særskild fokus på kravet eller føringa. Eldre krav og føringar vil likevel framleis gjelde dersom ikkje noko anna er uttrykkeleg uttala.

Kommentarar

Styringsdokumenta til Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF har ein felles oppbygging. Innholdsmessig er punkta som omhandlar dei helsefaglege styringskrava, ressursgrunnlaget og dei økonomiske krav og rammevilkår, tilpassa det enkelte føretak.

Styringsdokumenta til Sjukehusapoteka Vest HF, Helse Vest Innkjøp HF og Helse Vest IKT AS følgjer i hovudtrekk same oppbygging som dei andre styringsdokumenta, men er korta ned og tilpassa at desse har eit særskilt og avgrensa ansvar.

I styringsdokumenta blir det stilt krav til korleis helseføretaka gjennom rapportering og årleg melding skal gjere greie for korleis styringsdokumenta og dei krav som her blir stilt, har blitt følgt opp eller blir planlagt følgt opp. Heilskapleg rapportering skal skje i eigarlinja.

Vedlegg:

- 1 Styringsdokument 2016 Helse Bergen HF
- 2 Styringsdokument 2016 Helse Fonna HF
- 3 Styringsdokument 2016 Helse Førde HF
- 4 Styringsdokument 2016 Helse Stavanger HF
- 5 Styringsdokument 2016 Helse Vest IKT AS
- 6 Styringsdokument 2016 Helse Vest Innkjøp HF
- 7 Styringsdokument 2016 Sjukehusapoteka Vest HF
- 8 Styringsmål 2016_A4-plakat frå HOD
- 9 Vedlegg 1 til sjukehusføretaka - Utdanning av helsepersonell
- 10 Vedlegg 2 til sjukehusføretaka - Førebels mal for rapportering frå verksemda 2016
- 11 Vedlegg 3 til sjukehusføretaka - Mål 2016, pasienterfaringsundersøkingar og styringsparametrar
- 12 Vedlegg 1 til Helse Vest IKT, Helse Vest Innkjøp og Sjukehusapoteka Vest - Førebels mal for rapportering frå verksemda 2016